

CES-PROSJEKTET GRIMSTADVATNET, HAREID, 2011.

Kjell Mork Soot, Stian Moldskred og Bjarte Røyset.

CES-prosjektet for året 2011 er i gang for fjerde år på rad, sjølvsagt på same stad som tidlegare og med same tall nett (19 stk 9 meters = 171 meter). Fangsten føregår på austsida av Grimstadvatnet, i bjørkeskog som tidlegare var open myr. Det er ikkje naudsynleg med meir enn ein mann for å gjennomføre fangsten, pga relativt liten fangst. Tabellen vil bli oppjustert etter kvart som periodane blir dekte. Vi vil også begynne å ta med artane vi under fangsten ser og høyrer i og omkring CES-området. For meir info , gå inn på linken *CES-prosjektet*, her på sida.

Periode, dato og klokkeslett	Fanga henholdsvis år 2008-2009-2010	Fanga 2011
Periode 1: 01-10. mai (Klokka 05-11). Fangstdato 01. mai 2011.	8 – 3 - 6	15 (7 artar) Raudstrupe 3, svarttrast 4, gransongar 2, blåmeis 1, kjøtmeis 3, bokfink 1, sivsporv 1.
Periode 2: 11-20. mai (Klokka 05-11). Fangstdato 12.mai 2011.	17- 15 - 2	15 (7 artar). Linerle 1, raudstrupe 2, svarttrast 5, munk 1, gransongar 1, lauvsongar 4, bokfink 1.
Periode 3: 21- 31. mai (16-22) Fangstdato 22.05.2011.	8 – 7 - 2	15 (6 artar). Raudstrupe 2, svarttrast 4, munk 1, gransongar 1, lauvsongar 3, bokfink 4.
Periode 4: 01-10. juni (04-10) Fangstdato 05.06.2011.	15 – 16 - 18	17(6 artar). Svarttrast 2, raudvengtrast 2, gransongar 1, stjertmeis 9, blåmeis 1, bokfink 2.
Periode 5: 11-20. juni (03.30-09.30) Fangstdato 16. juni 2011.	11 – 28 - 15	14 (6 artar). Raudstrupe 1, Svarttrast 4, munk 1, lauvsongar 6 granmeis 1, kjøtmeis 1.
Periode 6: 21-30. juni (03.30-09.30) Fangstdato 21. juni 2011.	30 – 19 - 8	21 (8 artar).Raudstrupe 8, svarttrast 1, raudvengtrast 1, lauvsongar 3, kjøtmeis 3, bokfink 1, grønsisik 1, sivsporv 3.
Periode 7: 01-10. juli (03.30-09.30) Fangstdato 05. juli 2011	12 – 21 - 20	33 (9 artar). Raudstrupe 11, svarttrast 1, måltrast 2, munk 2, lauvsongar 4, lauvmeis 3, kjøtmeis 3, bokfink 6, gråsisik 1.
Periode 8: 11-20. juli (03.30-09.30) Fangstdato 11.juli 2011	30 – 18 - 18	7 (2 artar). Raudstrupe 6, dompap 1
Periode 9: 21 -31. juli (04-10) Fangstdato 25. juli 2011.	7 – 6 - 14	19 (6 artar). Jernsporv 1, Raudstrupe 11, svarttrast 2, måltrast 3, granmeis 1, dompap 1.
Periode 10: 01-10. august (04.15-10.15) Fangstdato 01. august 2011.	4 – 14 - 10	12 (5 artar). Raudstrupe 5, svarttrast 1, raudvengtrast 2, lauvsongar 1, kjøtmeis 3.
Periode 11: 11- 20. august (04.30-10.30) Fangstdato 11. august 2011.	7 – 3 - 8	7 (2 artar). Raudstrupe 3, kjøtmeis 4.
Periode 12: 21- 31. august. (05-11) Fangstdato 27.august 2011.	6 – 6 - 5	6 (2 artar). Raudstrupe 2, måltrast 4.

Tabell over fangsten.

Kommentarar:

Periode 1 - 2011 – 01.mai: Første fangstdagen opna svært lovande. I første perioden frå 2008 til 2010, blei henholdsvis 8, 3, og 6 fuglar fanga. I år heile 15. Kan det vere den tidlege våren som er grunnen ? Lauvsongar var der relativt bra med, men ingen hamna merkeleg nok i nettet. Ein kontroll av kjøtmeis, som var ungemerkt året før på Alme, 5 km unna.

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området:

Gråhegre, songsvane, krikkand, toppand, siland, orrfugl, tjeld, vipe, storspove, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, ringdue, låvesvale, linerle, raudstrupe, svarttrast, måltrast, gransongar, lauvsongar, blåmeis, kjøtmeis, kråke, ramn, stare, bokfink, sivsporv. Totalt 28 artar registrert.

Ein stor, flott oterhann var å sjå på nært hald medan han åt ein liten aure. Etter at oteren etablerte revir i Grimstadvatnert Naturreservat for få år sidan, er den store villminkstammen forsvunnen ! Revirhevdande oter held tydelegvis området reint for den arten.

Periode 2- 2011, 12.mai: Der var sjølvsagt meir lauvsongar enn sist. Ein hann, kontrollert i fjor i nett 11, hamna to gongar på kort tid i akkurat dette nettet, kvar gong jaga han på andre hannar. Det var tydelegvis revirkampar. Heile 9 av dei 15 hadde ring frå før. Ein svarttrast ringmerkt i CES-området 2009, dukka opp, etter å ha vore borte i 2010. Fem av fuglane var ringmerkt i periode 1-2011.

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området:

Gråhegre, grågås, stokkand, brunnakke, toppand, siland, tjeld, vipe, storspove, strandsnipe, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, ringdue, gauk, taksvale, linerle, raudstrupe, svarttrast, gråtrast, munk, gransongar, lauvsongar, kråke, bokfink, grønfink. Totalt 27 artar registrert.

Periode 3-2011, 22. mai: Dette er einaste perioden vi har om ettermiddagen. Beste fangsten vi har hatt nokon sinne i denne perioden med 15 fugl. Heile 8 av fuglane hadde ring frå før. Lauvsongaren kommentert i periode 2, blei også denne gong (som vanleg) fanga i nett nr.11. Ein bokfinkhann ringmerkt første året (2008) blei kontrollert. Han er blitt fanga kvart år seinare. Første årsungen blei fanga, ein svarttrast.

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området:

Gråhegre, brunnakke, krikkand, siland, tjeld, vipe, storspove, strandsnipe, hettemåse, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, låvesvale, linerle, raudstrupe, svarttrast, munk, gransongar, lauvsongar, kråke, bokfink, grønfink.. Totalt 23 artar registrert.

Periode 4-2011, 05. juni 2011: To årsungar av svarttrast og eitt kull på 7 unge stjertmeis hamna i nettet denne dagen. Begge foreldra til stjertmeisene var ringmerkte ein kilometer unna hausten før. To raudvengtrast (eit par?) var første registreringane i CES-området denne sesongen. Ein brukbar total på 17 fugl blei fanga inn, ikkje minst takka vere stjertmeisflokken på 9 som hamna i nettet.

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området: Vipe, storspove, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, gauk, låvesvale, taksvale, raudstrupe, svarttrast, raudvengtrast, munk, gulsongar, gransongar, lauvsongar, blåmeis, kjøtmeis, stjertmeis, bokfink. Totalt 20 artar registrert.

Periode 5-2011, 16. juni 2011: 14 fuglar gjekk i nettet. Av desse blei tre lauvsongarhoer fanga inn, alle med aktiv rugeflekk. Dette er kanskje alle rugefuglane i CES-området ? Når vi er inne på lauvsongar, kan nemnast at vi nyleg har fått vårt første utanlandsfunn av ein CES-merka fugl, som akkurat var den arten. Fuglen (ein hann) blei ringmerkt 14. juni 2009, og vart kontrollert av ringmerkar 17.04. 2010 i Spania. Han er ikkje blitt registret av oss seinare. Ein lauvsongar som blei rinmerkt i Hovden, 2 km unna, i 2007, blei totalt 6 gongar kontrollert i CES-området både i 2008 og 2009. I 2010 blei han ikkje fanga av oss, men blei kontrollert 27. august på Helgoland, Tyskland.

Ein ganske gammal lauvsongar, ringmerkt som vaksen i Hovden i 19.juli.2006, blei kontrollert (avstand 2 km), nesten 5 år etter merking.. Elles blei to ungfuglar av svarttrast ringmerkte. Den arten ser ut til å ha hatt ein brukbar hekkesesong.

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området: Toppand, siland, raudstilk, tjeld, storspove, hettemåse, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, gauk, linerle, raudstrupe, gråtrast, måltrast, svarttrast, munk, tornsongar, lauvsongar, kjøtmeis, granmeis, kråke, skjor, grønfinnk, bokfink. Totalt blei 24 artar registrert.

Periode 6-2011. 21. juni 2011. 21 fuglar fordelt på 8 artar, blei fanga, av desse var 14 årsungar. Heile 8 årsungar av raudstrupe hamna i netta, sikkert fire frå to ulike kull. For fem dagar sidan blei ingen ung raudstrupe registrert. Ein nyleg utflogne sivsporv og svarttrast blei fanga. Resterande ungfuglar var tre kjøtmeis og ein grønnsik.

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området:

Gråhegre, toppand, tjeld, storspove, hettemåse, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, gauk, raudstrupe, svarttrast, gråtrast, raudvengtrast, munk, gulsongar, gransongar, lauvsongar, lauvmeis, blåmeis, kjøtmeis, kråke, stare, bokfink, grønfinnk, grønnsik, sivsporv. Totalt blei 27 artar registrert.

Periode 7-2011. 05. juli 2011. 33 fuglar fordelt på 9 artar blei fanga, av desse var 24 årsungar. Dette er beste fangstdagen vi har hatt sidan oppstarten i 2008. Raudstrupen dominerer i denne skogen, og 11 blei fanga. Av desse var 10 årsungar. Det verkar som om raudstrupen har hatt god hekkesuksess også i år. Bokfink kom på andreplass, som så ofte før, med 6 fanga. Av desse var 5 årsungar. Lauvmeis stilte med tre årsungar fanga i lag i eitt av netta. Dei var tydelegvis ikkje frå same kull som ein gjerne trur så tidleg i sesongen når ein ser ein slik flokk, for 2 var umerkte, og den tredje var ringmerkt som unge (7 ungar i kullet) i Kaldhol, 1 km unna. Av årsungar elles ble 2 lauvsongar, 2 kjøtmeis, 1 svarttrast og 1 munk fanga.

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området: Smålom (1 par), storkand, tjeld, storspove, strandsnipe, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, taksvale, raudstrupe, svarttrast, måltrast, munk, lauvsongar, gransongar, lauvmeis, kjøtmeis, skjor, kråke, bokfink. Ein må forvente færre artar no etter kvart, fordi det begynner å tagne i skogen. Totalt blei 21 artar registrert.

Periode 8-2011. 11. juli 2011. Berre 7 fuglar av to artar hamna i netta, sjølv om veret var bra. Men vi som har drive med nettfangst lenge veit kor variabelt dette kan vere. Det begynte flott med seks raudstrupar fanga i god tid før klokka 05. Ein av desse var nyleg utflogne. Så var det tome nett i over tre timar til ein dompap flaug i. Berre ein av denne arten er tidlegare fanga i CES-prosjektet sin regi. Vi veit at etter endt hekketid blir fangsten dårlegare i CES-området. Om det er det som er grunnen allereie no, er for tidleg å seie. Men fuglane er i mindre aktivitet når dei er i myting osv.

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området: Gråhegre, storkand, tjeld, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, taksvale, linerle, raudstrupe, svarttrast, lauvsongar, kråke, grønfinnk, grønnsik, dompap. Totalt 16 artar registrert.

Periode 9-2011. 25. juli 2011. 19 fuglar blei fanga inn, av desse var 16 umerkte. To unge raudstrupar frå CES-området hadde ring. Det same hadde ein svarttrast som var ringmerkt 1 km unna for to år sidan. Heile 17 av fuglane var årsungar. Av desse 19 var 11 unge raudstrupar. Den arten har tydelegvis hatt ein god hekkesesong.

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området: Toppand, siland (9 pull), tjeld, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, taksvale, låvesvale, jernsporv, raudstrupe, svarttrast, måltrast, lauvsongar, gransongar, granmeis, kråke, dompap. Totalt 18 artar registrert.

Periode 10-2011. 01. august 2011. Ein heller laber dag med 12 fanga individ, av desse hadde halvparten ring frå før. Nymerkingar var 1 lauvsongar, 2 kjøtmeis, 1 raudstrupe og 2 raudvengtrast. Ei kjøtmeis ringmerkt som reirunge på Alme(5 km unna), i 2010, dukka opp igjen. Ho var også kontrollert i CES-området 01. mai i år. Fire kontrollerte raudstrupar var ringmerkte veka før

(25.juli). 11 av dei 12 fuglane som blei fanga var årsungar.

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området: Gråhegre, stokkand, tjeld, storspove, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, taksvale, raudstrupe, svarttrast, raudvengtrast, lauvsongar, gransongar, blåmeis, kjøtmeis, skjor, kråke. Totalt 18 artar registrert.

Periode 11-2011. 11.august 2011. Periode 11 har gjennom dei tre føregåande åra aldri slått til med store tal, med henholdsvis 7, 3 og 8 fuglar fanga. I år blei det 7. Det skulle vere omtrent det normale. Tre raudstrupar hadde ring frå før i år, medan dei fire kjøtmeisene ikkje hadde ring. Alle var ungfuglar. Ein lauvsongar laga litt seinsommar-stemning der han sat høgt i bjørketrea og sende ut sine forsiktige strofer.

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området:

Gråhegre, stokkand, tjeld, storspove, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, ringdue, linerle, raudstrupe, svarttrast, raudvengtrast, lauvsongar, gransongar, kjøtmeis, stare, skjor, kråke., grønfinnk. Totalt 20 artar registrert.

Periode 12-2011. 27. august 2011. Siste perioden har dei føregåande åra aldri slått til noko særleg, med henholdsvis 6, 6 og 5 fanga fuglar. I år blei det 6 fuglar.

Fuglar høyrte eller sett under fangsten, i eller ved CES-området: tjeld, fiskemåse, gråmåse, linerle, raudstrupe, raudvengtrast, måltrast, granmeis, kjøtmeis, kråke. Totalt 10 artar registrert.

* * * * *

Arter fanga under CES-prosjektet 2008-2011: Rugde, ringdue, heipiplerke, linerle, gjerdesmett, jernsporv, raudstrupe, svarttrast, gråtrast, måltrast, raudvengtrast, hagesongar, munk, gransongar, lauvsongar, gråflugesnappar, svartkvit flugesnappar, stjertmeis, lauvmeis, granmeis, svartmeis, blåmeis, kjøtmeis, spettmeis, trekrypar, bokfink, grønfinnk, grønnsisik, gråsisik, brunsisik, dompap, sivsporv. Totalt 32 artar fanga.

Talet på individ fanga i CES-området dei ulike åra (ringmerkt eller kontrollert):

2008: 122 individ.

2009: 127 individ.

2010: 111 individ.

2011: 146 individ.

Fangsten i år har vore betydeleg betre enn dei tre føregåande åra, og dette speglar seg også av ved bra fangst rundt om i distriktet.